

Møteprotokoll

Utvalg: Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen
nasjonalparkstyre

Møtestad: E-postbehandling

Dato: 01.07.2016

Tidspunkt:

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	Luster
Iselin Jonassen	Nestleiar	Vågå
Bjarne Eiolf Holø	Medlem	Lom

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-		

Følgende varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Alle dei tre faste medlemmene gav tilslutnad til innstillingane i dei tre sakene ved svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke gjennom e-postbehandling 1. juli 2016.

Ivar Kvalen (sign.)

Iselin Jonassen (sign.)

Bjarne Eiolf Holø (sign.)

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 10/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Transport til Glitterheim - Roar Sletten		2016/4461
ST 11/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone for marknadsføring - Spiterstulen Bre- og Fjellføring og Spiterstulen Turisthytte		2016/4601
ST 12/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Transport for reparasjon av gassanlegg på Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn		2016/4602

ST 10/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Transport til Glitterheim - Roar Sletten

Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 01.07.2016

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 gjev Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for transport av 6 personar frå bommen i Veodalen til Glitterheim den 2. juli og retur 3. juli i samband med feiring av ein 70-årslag, jf søknad datert 26.06.2016 frå R. Sletten.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Transporten blir utført av vertskapet på Glitterheim, og blir samordna med bagasjetransport tur/retur 2. og 3. juli 2016.

ST 11/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone for marknadføring - Spiterstulen Bre- og Fjellføring og Spiterstulen Turisthytte

Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 01.07.2016

Vedtak

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, gjev Arbeidsutvalet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av drone for filming av området rundt Svellnosbreen, i tråd med søknad av 30.06.16 frå Snorre Sulheim. Dispensasjonen gjeld for 1-3 dagar i juli 2016 med følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til området Spiterstulen-Svellnosbreen-Styggehøe-Tverratind.
2. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngåast.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding seinast dagen før flyging via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Flyginga skal om mogleg gjennomførast i løpet av *ein* dag, men dersom værforholda blir vanskelege kan det avtalast 1-2 reservedagar.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport / e-post ved avslutning av optaksperioden.

ST 12/2016 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Transport for reparasjon av gassanlegg på Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn

Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 01.07.2016

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 6.3 f), får DNT Oslo og Omegn dispensasjon for bruk av helikopter for transport i samband med reparasjon av gassanlegg på Fannaråkhytta. Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 3 turar, som skal gjennomførast på ein dag i perioden mellom måndag 11. juli til fredag 29. juli. Flyging skal ikkje skje på helgedagar.
- SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no) skal varslast seinast dagen før transporten skal utførast
- Flyginga skal rapporterast saman med den årlege samlerrapporten for det samla løyvet.

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrifta. Det må i tillegg innhenta løyve frå kommunen som forvaltningsstyresmakt etter Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag og evt. frå grunneigar – jf motorferdsellova § 10.